


Søknad om tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar, 2018

Hordaland Fylkeskommune
hfk@hfk.no

Stiftelsen Sentralbadet Litteraturhus
Postboks 389
5751 Odda



Ferdigstilling av Sentralbadet Litteraturhus i Odda

Sentralbadet Litteraturhus skal ferdigstilla til moderne litteraturhus.

I 1. byggetrinn (2011) vart deler av 1. etg. tilrettelagd for arrangement og utleige, i 2015 kom heis på plass for å sikra universell tilkomst mellom etasjane, og inneverande år er arbeidet med kjøken i gang.

Vi søker om tilskot til å slutføre byggearbeidet og tilrettelegge heile huset i tråd med gjeldande forskrifter: saler i 2. etg., kontor i sør, trapper og gangar, ventilasjonsanlegg og elektrisk anlegg slutførast. Dette vil dobla arealbruken, og gje større fleksibilitet for arrangement og utleige. Arbeidet med å få på plass godkjend kjøken tilpassa større selskap og servering er i gang. Kjøkenet vil ikkje bli godkjend utan at ventilasjonsanlegget er operativt. Det må ferdigstilla og aggregat installera.

Det blir og mogleg å tilby potensielle leigetakarar bruk av 2. etg. Sør. Stiftinga har no tilsett arbeidande styreleiar, og det er behov for arbeidsplassar i huset.

DRIFT NO OG MÅL FOR DRIFTA:

Stiftelsen Sentralbadet litteraturhus eig og drifter litteraturhuset. Eit aktivt styre og venelag drifter huset på dugnad.

F.o.m. 01.05.17 vart styreleiar tilsett i 40 % stilling ut 2017. Eigne inntekter/ oppsparte midlar frå drifta i 2016, Hordaland fylkeskommune (Større kulturprosjekt 2017, KIRU) og Sparebanken vest bidreg til å dekke stillinga. Dei viktigaste oppgåvene er organisasjonsutvikling: knyte til oss ressurspersonar som har erfaring med liknande arbeid, utarbeide modeller for drift og samarbeidsavtalar, avklare roller i fellesskap med kommunen.

Huset har per d.d. ingen faste driftstilskot, og har sine inntekter på utleige av lokale, med og utan vertskap, eigeinntekter på kafé, bar og boksal, med prosjektilskot til arrangement og aktivitetar.

Det jobbast mot å få på plass ein dagleg leiar-funksjon i 2018.

Vi ser på sikt føre oss ein driftsmodell av Sentralbadet litteraturhus med offentlige og private tilskot til drifta, prosjektarbeid samt eigeinntekter. Huset er meint å vere ein nonprofit organisasjon, der alt overskot vil gå tilbake til drifta og utvikling av huset.

Søknad om tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar, 2018

Med bistand frå Næringshagen i Odda arbeider no Litteraturhuset med å utvikle ein forretningsplan med fleire bein å stå på: Arrangement, møtelokale og samlingsplass er grunnpilarane:

ARRANGEMENTSARENA

- Vi legg opp til minst eit eigeprodusert litterært arrangement per mnd. På sikt fleire.
- Arena og vertskap for festivalar, som t.d. dei årlege arrangementa Litteratursymposiet i Odda, Hardanger Musikkfest, Hardanger spillfestival, Jernrosa Politiske litteraturfestival, kunstmønstringa Hardanger OPEN m.m.
- Arena og vertskap for opne enkelt-arrangement og seriar: t.d Human-økologisk Forbund sine opne møter, Hardanger folkeblad-debatten, infomøte og samlingar i regi av kommunen, foreiningar og private.

MØTELOKALE

Vi vil vere det foretrukne møtelokalet for små og mellomstore grupper i regionen. Med sin sentrale beliggenhet og sjelfulle interiør er Sentralbadet ypperleg. Med kjøken og to etasjar tilgjengeleg kan vi i større grad tilby servering og bemanna vertskap ved møte og kurs, og dermed auka eigeinntektene monaleg.

SAMLINGSLOKALE

Vi ynskjer å etablere litteraturhuset som ein møteplass for lokalbefolkinga og andre. Sentralbadet skal vere eit folkets litteraturhus. I 2016/2017 har vi i fellesskap med Næringshagen i Odda samarbeidd om eit liv&lyst-prosjekt «Aktiviteter i Odda sentrum», der vi har etablert huset som eit «lavterskelttilbod» med spelkveldar, noko kultur/underhaldning, språktrening og ein skreddar i huset som tek oppdrag. Vi har særleg invitert inn flyktningar og ungdom, som er dei gruppene som har därlegast tilbod.

Vi har gjennom 2016 hatt tilbod om laurdagskafe, og har hatt bar ved alle arrangement og ved andre høve. Med ferdigstilt kjøken vil potensialet for meir eigenproduksjon av mat og dermed betre eigeinntekter auka.

PROSJEKTLEIING

Vi er i dialog med m.a. Odda kommune om at stiftinga og framtidig tilsette kan ta på seg oppgåver knytt til by- og samfunnsutvikling (smelteverkstomta).

REGIONAL FORANKRING

Litteraturhuset er godt forankra i regionen, både gjennom det offentlege og i det frivilligelivet, i samarbeidsprosjekt og som samlingsstad.

Odda kommune har brukt betydelege ressursar på sentralbadet Litteraturhus. Huset har løyst ut stor frivillig innsats og har eit stort potensiale som litterær base i Oddasamfunnet og

Søknad om tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar, 2018

Hardanger i kryssingspunktet mellom frivillig innsats og profesjonell drift. Odda kommune er med-stiftar, og gav i si tid bygget kostnadsfritt til initiativtakarar, samt stilde stiftingskapitalen (200 000). I 2014- 2015 stilte kommunen med personalressursar (vaktmester/ vert) til å drifte utleige av bygget, og har løyvd tilskot til rehabilitering undervegs.

Hordaland fylkeskommune har gitt tilskot til restaurering i fleire rundar, seinaste løyving var kr. 900 000 frå potten for regionale kulturhus i 2016. Desse midlane har vi prioritert til å ferdigstille varmepumpe, installere kjøkken og sluttføre kafédelen og byggje vegg i litteratursal i 2. etg. (arbeid pågår no fram til oktober 2017).

Vi samarbeider nært med lag og organisasjoner, frivillige lag og organisasjoner, reiselivsbedrifter, Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum og private aktørar.

DET LITTERÆRE ODDA

I ei tid med omstillingsprosessar og konfliktar knytt til bruk og vern av dei gamle industriområda i Odda, har litteraturen vist seg å ha ein samlande og identitetsskapande funksjon i samfunnet.

Initiativet til eit litteraturhus i Odda er ein direkte konsekvens av, og vidareføring av, litteratursatsinga i Odda dei siste 12 åra, med Litteratursymposiet som motor, og ambisjonar om å vidareføre den litterære aktiviteten utanom dei fem dagane festivalen varer.

Litteratursymposiet er ein festival som er nært knytt til staden. Oddas identitet er knytt til det det industrielle Odda, og i nyare tid: som ein stad i og for litteraturen. Utfordringa ligg i å navigere i skjæringspunktet mellom rolla som lokalsamfunnsutviklar og som ein profesjonell litteraturfestival med nasjonalt kunstnariske ambisjonar.

Sjølv om festivalen er kommunal og litteraturhuset ei stifting, er desse institusjonane tett vovne saman; ein forvaltar det litterære Odda i lag. Litteratursymposiet sitt kunstariske råd er tett kopla opp mot litteraturhuset, og festivalleiar er og arbeidande styreleiar for stiftinga.

Det må etablerast ein form for samarbeid om strategisk utvikling av Odda med kommunen. Ein moglegheit er t.d. å dele kunstnarisk rådgjevar med Litteratursymposiet. Ein velfungerande litteraturhus-organisasjon vil i større grad både kunne forsterke litteratursymposiet som organisasjon, og bidra inn i andre stedsutviklingsprosjekt, på vegne av Odda kommune. (Moglege prosjekt: Litterært program, utvikling av Lindeplassen, andre festivalar, Møteplass Odda, Kulturelle skulesekk, Røde busser..)

Løftet for litteratursatsinga i Odda handlar om kultur, næring og stadutvikling, om bedriftsutvikling, kulturarbeidsplassar, identitet og samfunnsbyggjing.

FORMÅL

«Stiftelsens formål er å formidle og stimulere til interesse for litteratur, lesing og offentlig ordskifte gjennom å etablere, eie og drive et litteraturhus i Odda. Stiftelsen skal gjennom aktiviteter i Sentralbadet litteraturhus, som Litteratursymposium, seminar, debatter, opplesingskveldar, konsertar, utstillingar, skrivekurs, skulebesøk, leirskole og liknande, inspirere til auka interesse for norsk og utenlands skjønn- og faglitteratur.

Søknad om tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar, 2018

Stiftelsen skal gjennom litteraturhuset skape en møteplass som skal fremme interesse for litteratur og ordskifte, lokal industrihistorie, samt være en arena for alle kultur- og kunstuttrykk. Stiftelsen skal arbeide for å styrke lokalt samarbeid omkring aktiviteter knyttet til litteratur, kultur og industrihistorie, og være et senter for kompetansedeling og kompetanseheving i Odda.»

OPPSUMMERING

Trass manglende driftsmidlar til litteraturhuset i Odda sidan opninga i 2011, har litteraturhuset blitt drifta på dugnad, og sakte men sikkert bygd seg opp, og fått til ei bærekraftig drift basert på utallige dugnadstimar og mykje velvilje.

For å sikre driftsgrunnlaget søker vi no om tilskot til å ferdigstille heile 2.etg. til lokale for arrangement, opplesingar, debattar, utstillingslokale, kontor/ klasserom og samlingsrom, med eigne toalett, ferdigstilling av ventilasjon (inkludert aggregat), trapper, lager og ganger og bakrom i 1. etg. til kontor for stab.

Vi har no ambisjonar om å fullføre prosjektet og byggje ferdig dei delane av huset som ikkje er restaurert. Det vil dobla arealbruken, og gje større fleksibilitet for arrangement og utleige. Det blir mogleg å ha parallelle arrangement oppe og nede, og bygget blir fleksibelt for ulike arrangement. Vi kan og lettare gå i dialog med potensielle leigetakarar om bruk av 2. etg, som kan ivareta formålet med bygget.

I Sentralbadet skal det gamle og nye Odda møtas. Huset skal virke samlande på den allereie store litteraturaktiviteten og generere ny merksemd og ny aktivitet i regionen. Vi ynskjer å vere eit folkets Litteraturhus - eit hus som lokalbefolkninga har tilhørighet til.

Vedlegg

1. Årsmelding 2016
2. Teikningar over bygget og planlagde investeringar
3. Foto frå bygget og planlagde tiltak
4. Budsjett med liste over investeringar, detaljprisa.
5. Finansieringsplan

Vedtekter o.a. kan ettersendast dersom ynskjeleg. Ta kontakt dersom de har spørsmål eller ynskjer utfyllande informasjon om søknaden og framdriften i byggearbeidet.

Med helsing
Ingvild Ystanes Styreleiar
Stiftelsen Sentralbadet litteraturhus
tlf. 48 00 39 58
Sentralbadetlitteraturhus@gmail.com
www.sentralbadet.com